



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 Austrheim

Unntatt off.innsyn, jf.offentlegl.§13
jf.forvaltningsl.§13

Gjeldande kontroll av kommunane si vurdering av krav om å drive vanleg jordbruksproduksjon etter søknadsomgang januar 2017

Fylkesmannen viser til vårt brev, datert 3.oktober 2017, der vi varsla kontroll av kommunen si vurdering av kravet om å driva vanleg jordbruksproduksjon etter søknadsomgang januar 2017.

Formålet med kontrollen (Rundskriv 3/12 frå Landbruksdirektoratet)

Kommunane sine oppgåver knytt til forvaltninga av tilskotta går fram av forskrift/rundskriv for dei ulike ordningane. Dette må sjåast på som instruksar som kommunane er ansvarlege for å følgja. Det er kommunane si etterfølging av desse instruksjonane som er gjenstand for Fylkesmannen sin forvaltningskontroll.

Kontroll av feil- og varsellista PT-1001C gjev kommunane eit innblikk i kva føretaka har søkt tilskot til, og kor det eventuelt er avvik frå «normalproduksjon». Ved aktiv bruk av lista PT-1001C inn mot utbetaling av tilskot, vil ein leggja grunnlaget for rett tilskot til rett føretak. Varsla i denne lista dreier seg i stor grad om lågt lammetal per søye levert til slakt, låge slaktevektekter og låg mengd levert mjølk til meieri.

Grunnlaget for kontrollen

Økonomireglementet i staten stiller krav om kontroll; § 15: "Overordnet myndighet skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14".

Ordningar som vart kontrollert

Kommunen si vurdering av kravet om å driva vanleg jordbruksproduksjon.

Gjennomføring

Fylkesmannen bad i skriftleg brev til kommunen om kopi av vurderingane som var gjort i samband med krav om å driva vanleg jordbruksproduksjon ved januaromgangen i 2017.

Fylkesmannen kontrollerte forvaltninga i høve til

- Forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014, § 2 *tilskudd etter forskriften kan gis til foretak som er registrert i Enhetsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på en eller flere landbrukseiendommer (...)*

- Reglement for økonomistyring i staten, av 12. desember 2003, § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere.*

Funn – merknader og avvik

Når kontrollen avdekkar manglar i kommunen si forvaltning av ordninga, skal desse klassifiserast som avvik eller merknad. *Avvik* er mangel på oppfyljing av krav til forvaltninga av ordninga som er fastsett i, eller i høve til: Reglement for økonomistyring i staten § 14 og § 15 andre ledd; styrande dokument eller regelverk og/eller retningslinjene for ordninga.

Merknad er forhold som ikkje er i strid med krav, men der Fylkesmannen finn grunn til å påpeika høve for forbetring.

Det er årsaka til den konkrete feilen som er avvik, ikkje den konkrete feilen.

Avvik

På bakgrunn av manglande tilbakemelding frå kommunen si side, har ikkje Fylkesmannen tilstrekkeleg grunnlag for å fastslå om forvaltningslova sine reglar er brukt på rett måte, til dømes om saka er tilstrekkeleg opplyst etter § 17 og om vedtak er tilstrekkeleg grunngeve etter § 24, jf. § 25. Fylkesmannen har ikkje høve til å fastslå om kommunen har handsama sakene på ein forvaltningsmessig forsvarleg måte. Dette er grunnlaget for avviket ift denne kontrollen.

Tilbakemelding og oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding på korleis kommunen vil følgje opp avviket som er nemnt i rapporten, frist for tilbakemelding er 10. januar 2018.

Med helsing

Åse M Vaag
Landbruksdirektør

Sonja Ramsvik
Kontrolleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.